



Sunnfjord vassområde

Referat – Temamøte landbruk 02.03.2017

Sogn og Fjordane fylkeskommune, Storehagen 1 B, Førde
Torsdag 02.03.2017 kl 12 - 15

Desse deltok på møtet:

Joar Helgheim, Jølster kommune

Magne Reidar Førde, Førde kommune

Kaja Moen, Flora kommune

Jan Osa, Flora kommune

Linn Hovlandsdal, Gaular kommune

Johannes Folkestad, landbruksforvaltninga i Askvoll og Fjaler

Staffan Hjohlman, Sogn og Fjordane fylkeskommune, prosjektleiar

Joar Helgheim vart utpeika til ordstyrar

Ingen merknader til innkalling eller utsendt sakliste, men det vart sett pris på påminninga som vart sendt dagen før møtet.

BAKGRUNN FOR MØTET

Formålet er at kommunane møtast for å drøfte oppgåver etter vassforskrifta knytt til landbruksforvaltning.

Stikkord:

- lære av kvarandre
- samordning av tiltak
- lik handsaming på tvers av kommunegrensar
- politisk aksept for tiltak

Vassforskrifta krev at sektorstyresmaktene syt for tiltak for å sikre at elvar, innsjøar og kyst når miljømåla. Kommunane er styresmakt for landbruket og er såleis forplikta gjennom vassforskrifta i tillegg til andre relevante lovar og reglar.

Regional vassforvaltningsplan og tiltaksprogram for Sogn og Fjordane vart vedteken av fylkestinget i desember 2015, og godkjent av Klima- og miljødepartementet i juli 2016.

Fleire vassdrag er påverka av ureining frå landbruket. I tiltaksprogrammet som er basert på forslag frå kommunane, er det lagt inn tiltak i form av «problemkartlegging» og «tilsyn og oppfølging».

Tema på møtet er både gjennomføring av gjeldande tiltaksprogram (hovudsakeleg kunnskapsinnhenting) og forslag på tiltak ved rullering av forvaltningsplanen.

Oppretting av temagruppe for landbruk er nedfelt i prosjektplanen for Sunnfjord vassområde (avsnitt 3.4), og stadfesta av Sunnfjord vassområdeutval 11.03.2016. Mottakarar av invitasjon vart føreslått av prosjektgruppa for Sunnfjord vassområde på møte 05.01.2017, men det var ope å sende andre eller fleire.



Sunnfjord vassområde

SAKER

1. Tiltaksprogrammet for Sogn og Fjordane: vassdrag som er påverka av jordbruk, tiltak som er føreslått, forankring (orientering ved prosjektleiar)
2. Resultat av overvaking 2016 (prosjektleiar)
3. Kommunane si oppfølging av ureining frå landbruket – kva gjer kommunen og har det hjelpt?
 - Flora: Truleg er punktutslepp eit lite problem i dag. Kartlegging av punktutslepp 1996 omfatta alle gardsbruk. Krav om tiltak bidrog til den generelle trenden med nedlegging av gardsbruk. Frå 350 bruk i 1985 til 130-150 i dag. Endring til større einingar medfør utfordringar med avstand til spreieareal for gjødsel. Også attgroing av enkelte teigar. Det vil truleg ha liten effekt om ein etablerer gjødselkantsonar. Satellitt-lager for gjødsel kan ha positiv effekt ved å ta i bruk eit større spreieareal.
 - Gaular: Gjennomfør stikkprøvekontrollar av rundballelagring, men ikkje systematiske kontrollar på ureining elles. Tar synfaring ved melding om uhell. I 2016 medførte 2 uhell avkortning av produksjonstilskotet. Rundballelagring er eit mindre problem i dag enn før mellom anna på grunn av høgare tørrstoffinnhald. Er i dag meir restriktive på å gi dispensasjon på spreiefrist for gjødsel utan nedmolding.
 - Askvoll og Fjaler: Tilsyn med bruk som får produksjonstilskot. Avkorting dersom for stort areal er oppgitt i høve kva som reelt blir drifta. Har merka ei haldningsendring – bondelaget har teke initiativ til å nytte SMIL-midlar til naturmiljøtiltak. Hadde mange dispensasjonar frå spreiefristen i 2016. Oppmuntrar til å bruke alternative gjødsellager. Har gjeve skriftlege pålegg ved sprekk i gjødsellager og lekkasje i rør med silopressaft. SMIL-strategi omfattar opning av lukka bekkar og utbetring av steinsatte kanalar i forhold til erosjon.
 - Jølster: Kontroll ved uhell og 5 % av produksjonstilskotsøkna. Ikkje systematiske kontrollar utover dette. Døme på uhell som har skjedd: Lekkasje frå gjødsellager (meldt av eigar sjølv), Kopling røyk mellom gyllerøyr under veg. SMIL-strategi: vil heve prioriteten på ureiningssaker, spesielt ved vassdrag i risiko. Kommunen påpeikar spesielt dersom gardsbruk søker om dispensasjon frå gjødselspreiefristen fleire år. Vil prøve å ta nokre kontrollar kvart år i tilknytning til vassførekomstar i risiko.
 - Førde: Kommunen sin SMIL-strategi 2017-2020 (vedlagt) vart sendt prosjektleiar etter møtet. Prosjektleiar sin kommentar til strategien er at det i 2013-2016 har vore berre ein søknad innan naturmiljø (biologisk mangfold og landbruksureining). Denne fekk 2 % av tilskotsramma, medan 98 % gjekk til attgroing, verneverdige bygningar og ferdsel. Tilskota til naturmiljø i 2017-2020 er stipulert å auke til 6 % av ramma. Ein svak men likevel positiv auke med tanke på tiltak mot ureining.
 - Fleire kommunar opplever at delar av areal ikkje blir hausta i tråd med søknad om produksjonstilskot, og dette medfør trekk i tilskotet.
 - Fristar for gjødselspreiing utan nedmolding, etter sentral eller lokal forskrift):
 - Flora: 01. september (sentral forskrift)
 - Fjaler: 15. september (lokal forskrift)
 - Jølster: 15. september - « -
 - Førde: 20. september - « -
 - Naustdal: 20. september - « -
 - Askvoll: 30. september - « -
 - Gaular: 30. september - « -



Sunnfjord vassområde

4. Aktuelle tiltak som vart nemnt på møtet:
 - Det er framlegg sentralt om å auke kravet om lagerkapasitet for gjødsel frå 8 til 12 månader.
 - Bruke heile spreingsarealet.
 - Satellitt-lager for gjødsel kan ha positiv effekt i form av å ta i bruk større del av spreieareal.
 - Miljøvennleg gjødselspreiing (nedfelling, nedlegging).
 - Det er behov for endringar i rammevilkåra.
 - SMIL-middel gjeld tiltak utover vanleg drift og har såleis avgrensa bruk.
 - Innovasjon Norge er ein muleg finansieringskjelde for tak over gjødsellager eller satellittlager.
 - Endra investeringstilskot frå Innovasjon Norge har ført det positive med seg at mindre brukseiningar har blitt meir lønsame.
 - Tilskot for tidleg spreiiing av gjødsel – døme: Møre og Romsdal
 - Grøftingstilskot er for lågt til å utløyse grøfting, ca 10 % av kostnadene. Berre dei som ville ha grøfta uansett søker om tilskot.
5. Vidare møteverksemd: Det vart føreslått i dette møtet å ha temamøte om landbruk 1 – 2 gonger i året med deltaking frå administrasjonen i kommunane, og å legge til rette for medverknad frå bondenæringa etter at kunnskapsgrunnlaget er lagt i 2018.
6. Seminar om landbruk og avløp 28. – 29. mars, Thon Hotel Jølster på Skei . Orientering ved prosjektleiar.

11.04.2017
Staffan Hjohlman
ref